
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 23. mai 2019 13:11
Til: 'oj.storsater@imf.no'
Emne: SV: Spørsmål om saksgang i overdraging av del av tomt.

Hei

Då du ikkje opplyser noko konkret om kor stort areal dette dreier seg om, eller kva areal dette gjeld, er det litt vanskeleg å gje eksakt svar.

Det fins ulike typar måtar å gjera endring/ utviding av tomt på: Arealoverføring eller grensejustering.

Sakstypen er avhengig av storleik på arealet, planstatus osv.

Generelt sett kan eg seie at det berre er inntil 5% av den minste eigedommen sitt areal som kan grensejusterast (krev ikkje delingsløyve men må vera same planføremål).

Det er ikkje noko arealgrense for arealoverføring, men også her må det vera same arealformål for areala. Vert det søkt om areal frå t.d. LNF formål, må det søkjast om dispensasjon for dette.

Det er rett som du seier at det skal søkjast om arealoverføring, som krev godkjenning etter plbl og kanskje også jordlov, og så vert det halde oppmålingsforretning. Det vert ikkje tildelt eige gbnr til tilleggsarealet, men dette arealet vert direkte innlemma i aktuelle eigedom ved ein avtale om arealoverføring som vert tinglyst (v/ eit skøyteliknande dokument). Dette vert eit ledd i oppmålingsforretninga. Det må ordnast eventuelt pantefrafall for arealet som skal overførast før forretninga kan gjennomførast.

Om de ynskjer tinglysa kjøpekontrakt også er opp til deko å bestemma.

Ved ev spm om søknad om dispensasjon kan de ta kontakt med byggesaksavdelinga i Meland.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Fra: Postmottak Meland
Sendt: 23. mai 2019 08:47
Til: Anngunn Marie Gullbrå
Emne: VS: Spørsmål om saksgang i overdraging av del av tomt.

Anngunn,

Er dette noko du kan svare på?
Gje oss melding dersom det skal førast.

Helsing Dokumentsenteret

Fra: Ole-Jørgen Storsæter [<mailto:oj.storsater@imf.no>]

Sendt: onsdag 22. mai 2019 15:28

Til: Postmottak Meland

Emne: Spørsmål om saksgang i overdraging av del av tomt.

Hei!

Eg er nyttilsett krinsleiar i Nordhordland Indremisjon, som eig ein god del tomteland sentralt på Frekhaug. I den forbindelse har eg bruk for litt fagleg innsikt i forbindelse med ei henvending eg har fått om justering av ei grense (i realiteten blir det vel eit kjøp av ein del av tomten), mellom ei bustadtomt, og vår tomt (G.nr/B.nr 23/1), som eg reknar med ligg i LNF-område.

Eg veit det har vore fleire slike saker tidlegare (i Nordhordland Indremisjon), men eg har altså ikkje den rette kompetansen på saksgangen i dette. Eg reknar med det må ei frådeling til, med oppmålingsforretning, kjøpskontrakt, og tinglysing av desse. Er det riktig? Dessutan veit eg ikkje om det har noko å seia om dette er LNF-område, og om det kompliserer prosessen meir?

Håpar dette kan vidaresendast til noko som kan hjelpe meg litt på veg.


Mvh.

Ole-Jørgen Storsæter

Krinsleiar - Nordhordland Indremisjon

oj.storsater@imf.no

nhindremisjon.no

 **imf** Nordhordland Indremisjon